



Kommunal- og distriktsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kåre Træen, 5764 3004

Kinn kommune – vurdering og tilråding om utgreiing for deling av kommunen

Statsforvaltaren i Vestland har frå Kinn kommune 14.02.2022 motteke kommunestyresak 003/22 – *ei eventuell kommunedeling, presisering av vedtak*. Med grunnlag i vedtaket til Kinn kommunestyre i møtet 10.02.2022, har Kommunal- og distriktsdepartementet (departementet) bede Statsforvaltaren å gjere ei vurdering og kome med ei tilråding til departementet om det skal setjast i gang ei utgreiing av initiativet til kommunestyret. Deretter avgjer departementet om det skal setjast i gang ei utgreiing etter inndelingslova.

Tilråding til Kommunal- og distriktsdepartementet:

Statsforvaltaren i Vestland tilrår at Kommunal- og distriktsdepartementet avgjer at det etter inndelingslova skal setjast i gang ei utgreiing av initiativet til Kinn kommunestyre etter vedtaket i sak 003/22.

Vedtaket til Kinn kommunestyre i sak 003/22:

Brev til kommunal- og distriktsdepartementet:

«Vedrørende Kinn kommune – søknad om utgreiing av deling, initiativ etter inndelingslova § 8, 2. ledd.

Kommunestyret viser til brev frå Kommunal- og distriktsdepartementet datert 28.1.22, og vil med dette få søke om utgreiing av deling av Kinn kommune etter inndelingslova § 8, 2. ledd.

Grunngjeving, jf. inndelingslova § 8, 4. ledd.

Søknaden er grunngjeve med at erfaringene som er gjort i løpet av perioden viser at ein samanslått kommune, gitt reiseavstandar og ulikskap i kultur, samt usemje i viktige saker ikkje gjev ein optimal framtidig struktur for kommunen. Det er óg ønskjeleg for kommunen at folket skal høyrast gjennom folkerøysting om tilhøva, jf. inndelingslova § 10.

Kommunestyret vurderer at det er naudsynt med ei utgreiing som omsøkt for å få avklart om det vil vere positivt for innbygarane å halde fram med ein kommune utan felles grenser. Kinn kommunestyre konstaterer at der er betydelig motstand mot den sammenslåtte kommunen Kinn



blant innbyggerne. For å få ro i denne saken ser vi behov for å få utreda om Kinn sin vidare framtid. Vi ber difor om at Statsforvalteren gjennomfører slik utgreiing.

Vi understreker samtidig at Kinn kommunestyre ikkje med dette har teke endeleg stilling til å Kinn bør delast opp eller ikkje. Det vil vi først ta stilling til etter at slik utgreiing er gjort.

Forslag til nye grenser, jf. inndelingslova § 8, 4. ledd.

Grensene til eventuelle inndelte kommuner skal være på ein slik måte at det fylgjer dei gamle kommunegrensene. (Dette inneber at den eine delen skal vere den delen av Kinn som er på nordsida av Bremanger, medan den andre skal vere på sørsida.)

Bakgrunn for saka

Dei tidlegare kommunane Flora og Vågsøy vart i februar 2017 einige om å starte forhandlingar om ein intensjonsavtale for samanslåing til ein ny kommune, med ønske om at også Bremanger kommune tok del i forhandlingane. Men Bremanger ønskte ikkje å gå vidare med forhandlingar om kommunesamanslåing med Flora og Vågsøy. Etter at forhandlingsutvala til Flora og Vågsøy vart einige om intensjonsavtalen, vedtok bystyret i Flora og kommunestyret i Vågsøy ei samanslåing frå 01.01.2020. Kinn kommune er såleis ei frivillig samanslåing, som vart vedteken av Stortinget i juni 2017 i saka om endringar i kommunestrukturen, prop. 96 S (2016-2017), og gjennom eiga forskrift fastsett av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) 19.12.2017.

I prosessen med Kommunereforma og vedtaka til Flora og Vågsøy om samanslåing gjorde Fylkesmannen i Sogn og Fjordane i april 2017 etter oppdrag frå KMD ei tilleggsvurdering med tilråding av kommunestrukturen i fylket:

Vi meiner at ein ny kommune der Flora og Vågsøy slår seg saman, berre delvis oppfyller måla for kommunereforma og kriteria for ein god kommunestruktur. Vår faglege tilråding er difor at skal det i framtida byggjast og utviklast ein føremålstenleg og slagkraftig ny og større kommune på kysten av Sogn og Fjordane, må òg Bremanger vere med i den nye kommunen saman med Flora og Vågsøy. Det må vere opp til Stortinget å vurdere kva vekt det skal ha at dette alternativet har kome fram så seint i kommunereforma. Vi meiner at det vil vere ein fordel for Bremanger å kome med i prosessen no, i staden for ei samanslåing i fleire steg framover.

Etter vedtaket til Stortinget vart samanslåinga av Flora og Vågsøy også omtalt i kommuneproposisjonen for 2018, prop. 128 S (2016 – 2017), der departementet viser til at *Bremanger ligger mellom Vågsøy og Flora, og mener derfor at det er behov for å se nærmere på kommunestrukturen i dette området, og hvilke muligheter som kan realiseres ved å bygge en sterkere kystkommune.* Departementet bad Fylkesmannen om ein nærmare gjennomgang av kommunestrukturen i området, saman med ei vurdering av behovet for grensejusteringar. Fylkesmannen engasjerte Telemarksforsking til oppdraget, som utarbeidde rapporten *utgreiing av kystkommune i området Flora, Bremanger og Vågsøy* (TF-notat nr 36/2017). I statsbudsjettet til KMD for 2018, prop. 1 S (2017-2018), er utgreiinga omtalt å vere eit grunnlag for vidare diskusjonar mellom kommunane, og at kommunane sjølve bør finne ei løysing som tener regionen og innbyggjarane best.

Intensjonsavtalen for samanslåinga vart vedteken av kommunestyra til Flora og Vågsøy i mars-april 2017, med følgjande hovudmål:

Vi vil

- bli ein attraktiv tilflyttingskommune
- bli den sentrale utviklingsaktøren mellom Ålesund og Bergen



- sikre gode tenester med høg kvalitet for innbyggjarane
- styrke vår attraktivitet som lokalisering av næringsverksemd
- sikre berekraftig utvikling med målretta satsing på klima og miljø
- styrke stadidentiteten til innbyggjarane i den nye kommunen.

Avtalen skisserer òg korleis den nye kommunen kan oppnå måla.

Etter intensjonsavtalen har Kinn skapt visjonen:

- Kinn – handlekraft på kysten

Med tre satsingsområde som kommunen skal spisse ressursbruken mot:

- Attraktiv kyst-kommune
- Gode tenester i alle livsfasar
- Gode på klima og miljø.

I utgreiingane til kommunane i sakene der kommunestyra gjorde vedtak om samanslåinga, er sentrale moment; *samfunnsutvikling med fokus på utvikling på kysten med dei verdiane som kan skapast på kysten, sterkare posisjon i den nye regionen (Vestland), moglegheit for å utvikle større og endå meir kompetente og attraktive fagmiljø, Vågsøy kommune har økonomiske utfordringar framfor seg basert på nytt inntektssystem og at ein vil stå utan avsette midlar til å dekke det negative avviket mellom driftsinntekt- og utgift som kommunen slit med, det å bli ein del av ein større kommune vil sikre betre kvalitet i tenestene gjennom tilgang på større fagmiljø og kommunen (Vågsøy) er sårbar ved vakansar og sjukdom, avstanden i den nye kommunen er ei utfordring, men vil bli avhjelpet gjennom bruk av teknologi og betre båtruter.*

Førebels vurdering av Kinn kommune og alternativet deling

Statsforvaltaren har på dette stadiet i saka ikkje sett i gang nye undersøkingar eller henta inn ny dokumentasjon om Kinn kommune utover det som vi alt har av fakta og informasjon. Ytterlegare informasjon og fakta må kome dersom departementet avgjer at det skal setjast i gang utgreiing av initiativet frå Kinn kommunestyre, og tek i tilfelle stilling til kva som er nødvendig omfang av utgreiinga (jf. inndelingslova § 9).

Inndelingslova seier ikkje noko om kor stor vekt det skal leggjast på dei ulike momenta i ei sak om grenseendring (deling). Den som står ansvarleg for utgreiinga, må avgjere kva som er «nødvendig» å utgreie i den enkelte sak. Det går fram av Ot.prp. nr. 41 (2000 – 2001) at opplysningar om folketal, areal, geografi, topografiske tilhøve, kommunikasjonstilhøve og plangrunnlag i kommunane kan vere viktig å innhente. Departementet tilrådde i forarbeida at følgjande opplysningar kan vere aktuelle å innhente i saker av større omfang: Demografiske utviklingstrekk, flytteaktivitet, pendling, næringsstruktur, næringsutvikling, utbyggingsmønster, arealbruk, inntekts- og utgiftsstruktur, kommunalt tenestetilbod og interkommunalt samarbeid. I denne samanhengen vil Statsforvaltaren peike på at ei vurdering med utgreiing av Kinn kommune mot alternativet deling, må gjerast i eit lengre perspektiv (20 til 30 år). Ein aktuell metode er å gjere dette opp mot kriteria for god kommunestruktur og samfunnsmessige omsyn sett i samheng med kommunanes fire roller som

- tenesteytar
- myndigheitsutøvar
- samfunnsutviklar
- lokaldemokratisk arena

Med kriteria for god kommunestruktur er her meint tilstrekkeleg kapasitet, relevant kompetanse, tilstrekkeleg distanse (myndigheitsutøving), effektiv tenesteproduksjon, økonomisk soliditet,



valfridom (innbyggjarane), funksjonelle område for samfunnsutvikling, høg politisk deltaking, lokal politisk styring og lokal identitet. I tillegg bør ein òg sjå på og vurdere etter kriteria retta mot staten, som brei oppgåveportefølje og statleg rammestyring.

Vidare bør ein vurdere heilskapen i regionen, det felles- bu og arbeidsområde som kommunen(ane) høyrer til, altså *kvardagskommunen* med:

- pendling i dag med utvikling dei siste 20 år
- samferdsle og kommunikasjonar
- kultur- og fritidstilbod
- handel- og service
- interkommunalt samarbeid – omfang og korleis det fungerer for kommunen som organisasjon (administrativt og demokratisk) og tenester til innbyggjarane
- grensejusteringar

I tillegg til det som kjem fram i vedtaket til Kinn kommunestyre i sak 003/22, omtalar vi under relevant informasjon og fakta som grunnlag for ei avgjerd om det skal setjast i gang utgreiing av initiativet frå Kinn kommunestyre.

Folketal

Ved utgangen av 2019 hadde tidlegare Flora kommune eit folketal på 11 810 og tidlegare Vågsøy kommune 5 930. I perioden 2000 – 2019 hadde Flora ei positiv folketalutvikling med 5,3 prosent, medan Vågsøy hadde ein reduksjon på – 8,6 prosent. Prognosane for folketalutvikling frå 2017 fram mot 2040 viste vekst i Flora og flat utvikling for Vågsøy. Som for mange kommunar, viste prognosane i eit 20 til 30 års perspektiv vesentleg fleire eldre samanlikna med dei som er i yrkesaktiv alder. Prosentvis vekst for gruppa 80+ var om lag lik for begge kommunane, men for Vågsøy utgjorde denne gruppa ein vesentleg større del av det totale folketalet. Ved inngangen til Kinn i 2020 var folketalet 17 207, og per 01.01.2022 bur det 17 131 innbyggjarar i Kinn kommune. SSB-prognose (hovudalternativ MMMM) for utvikling av folketalet i Kinn fram til 2050, er negativ (reduksjon 8 prosent frå 2020). Prognosen for landet er ein auke på 11 prosent. I 2020 budde det 819 personar over 80 år (4,8 prosent) i Kinn, framskrivinga til 2050 viser meir enn ei dobling av personar for denne aldersgruppa, og vil såleis utgjere ein større del av innbyggjartalet i Kinn (13 prosent av folketalet).

Grensejustering for Bryggja

Frå 01.01.2020 vart området Bryggja i tidlegare Vågsøy kommune grensejustert til Stad kommune. Området som vart grensejustert hadde ved overgangen til Stad 533 innbyggjarar, og det utgjorde om lag 9 prosent av innbyggjartalet i Vågsøy. Av kommunale tenester (i tillegg til tekniske anlegg og bygningar) hadde Vågsøy lokalisert omsorgssenter, heimebasert omsorg, barneskule og ein privat barnehage med kommunalt tilskot. For Kinn utgjer grensejusteringa 3,1 prosent av innbyggjartalet. Grensejusteringa ville såleis hatt større verknad for tidlegare Vågsøy, enn no Kinn kommune.

Geografi

Flora kommune hadde eit areal på 693 km². Vågsøy hadde eit areal på 176,6 km², og av dette utgjorde området Bryggja 57 km² (32 prosent). Kinn har no eit areal på 813 km².

Reiseavstandar

Vegkommunikasjonen mellom Florø (kommunesenter i tidlegare Flora) og Måløy (kommunesenter i tidlegare Vågsøy) er 102 km, og reisetida er berekna til 2 timar og 12 minutt med ei ferje. I tillegg er det båttruter med to daglege avgangar for hurtigbåt frå Måløy til Florø, og det same Florø – Måløy



med reisetid 80 og 90 minutt (to ulike båtar). Ei ev. utgreiing vil gje nærmare informasjon om dette, og sjå på utviklinga framover.

Arbeidspendling

Arbeidspendling mellom kommunane i 2015:

| Kommune til - frå | Personar som arbeidspendlar | Prosent av sysselsette i bustadkommunen |
|-------------------|-----------------------------|---|
| Flora - Vågsøy | 10 | 0,2 % |
| Vågsøy - Flora | 11 | 0,4 % |

Sysselsette personar per bustadkommune:

Flora: 5 407

Vågsøy: 2 682

Ei ev. utgreiing vil sjå på utviklinga for Kinn kommune og pendling til og frå nabokommunar.

Økonomi

Flora og Vågsøy

Begge kommunane hadde svak og utfordrande økonomi før samanslåinga. Sentrale økonomiske nøkkeltal, som netto driftsresultat, langsiktig gjeld og fri eigenkapital (disposisjonsfond) var vesentleg svakare enn gjennomsnittet for landet, særleg gjaldt dette høg langsiktig lånegjeld og låge disposisjonsfond samanlikna med driftsinntekter. Dei siste budsjett- og økonomiplanane (2019 – 2022) kommunane vedtok før samanslåinga, viste ein samla ubalanse i økonomien frå 2020. Særleg gjaldt dette Vågsøy, der økonomiplanen etter andre gongs handsaming hadde ein større ubalanse gjennom uspesifiserte innsparingar. Ut frå dette planla kommunen eit driftsnivå som ved inngangen til Kinn kommune mangla inndekking for dei utgifter og oppgåver som var planlagt frå 2020. Det var òg planlagt ei større auke i lånegjelda. Flora hadde òg ein anstrengt og til dels stram økonomi i overgangen til Kinn kommune, der det frå 2020 var budsjettert med større innsparingar, både for administrasjonen og tenesteområda. I dette låg det òg «forskotteringar» av gevinstrealiseringar knytt til Kinn kommune. Som for Vågsøy, planla òg Flora ei vidare sterk auke av lånegjelda.

Kinn

Sentrale økonomiske nøkkeltal for 2020, som netto driftsresultat, langsiktig gjeld og fri eigenkapital (disposisjonsfond) var for Kinn vesentleg svakare enn gjennomsnittet for landet. Særleg utfordrande er ei svært høg langsiktig lånegjeld og låge disposisjonsfond samanlikna med driftsinntekter, og at dette vil gjere det vanskeleg å oppretthalde den økonomiske handleevna utan å gjennomføre større innsparingar som kan betre driftsresultatet. Dette er nærmare omtala i budsjettbrevet for 2021 frå Statsforvaltaren til kommunen. Den svake økonomien kan òg forklarast med at dei tidlegare kommunane hadde svak økonomi før samanslåinga, jf. omtalt ovanfor.

Budsjett- og økonomiplan for 2022 – 2025 er planlagt med auka inntekter og innsparingar i drifta. Tidlegare planlagde investeringar er utsette til etter 2025, noko som gjev lågare auke i lånegjelda. Likevel oppnår ikkje kommunen sine eigne vedtekne finansielle måltal eller tilrådde normer for netto driftsresultat, disposisjonsfond eller netto lånegjeld i prosent av driftsinntekter. Etter budsjett- og økonomiplan planlegg kommunen for både positive eller negative årelege resultat, med eit gjennomsnitt på 0,8 prosent. Lånegjelda aukar i heile perioden og disposisjonsfondet vil vere på same nivå som ved starten, om lag 1,2 prosent av driftsinntektene (gjennomsnittet for landet er 11,8 prosent).

Førebels rekneskap for 2021 viser at kommunen kjem ut med eit positivt resultat, og kan setje av 25 mill. kroner til disposisjonsfondet. Dette fondet vil då vere på 40 mill. kroner. Nærmare informasjon



om endeleg rekneskap for 2021 og den økonomiske utviklinga ved inngangen av 2022 blir omtalt i ei ev. utgreiing.

Tenester og administrasjon

Etter intensjonsavtalen skal Kinn ha og utvikle førstelinjetenester som skular, sjukeheimar, helse- og omsorg, barnehagar og kulturtilbod der dei er ved samanslåinga. Avtalen inneheld òg at kommunen skal ha delt kommunesenterfunksjon mellom Flora og Måløy. Talet på administrative arbeidsplassar og rådhusfunksjonar i Måløy og Flora, skal ha same høvesvise fordeling som før samanslåinga.

For å vurdere tenesteproduksjonen til Kinn kommune, både kvalitet, kvantitet og effektivitet, vil t.d. informasjon frå Kostra, fagleg informasjon eller nøkkeltal frå andre datakjelder og kommunen sine egne undersøkingar vere aktuelle grunnlag. Det same vil gjelde for administrative funksjonar. Men data for eitt års drift (2020) er eit tynt grunnlag for å analysere og meine om dette. Til ei ev. utgreiing, vil det det for fleire fagområde og administrasjon vere tilgjengeleg informasjon òg for 2021. I den samanheng vil det og vere aktuelt å sjå meir på kommunen sine sentrale plan- og styringsdokument, og vurdere desse opp mot kommunens kapasitet og kompetanse innan sentrale fagmiljø.

Interkommunalt samarbeid

Flora og Vågsøy deltok i fleire interkommunale samarbeid. Fleirtalet av samarbeida var med andre kommunar frå fleire regionar, eller på fylkesnivå. For regionale samarbeid var Flora i hovudsak retta mot kommunar i Sunnfjord, og Vågsøy mot Nordfjord. Kinn kommune har gått inn i og vidareført samarbeida tidlegare Vågsøy hadde med kommunar i Nordfjord, og såleis, som ein større kommune, fått ei forsterka rolle i samarbeida. Kinn er med i det nye Fjordane interkommunalt politiske råd (FIPR), som vart skipa frå 01.01.2022, og er etablert av kommunar i Sunnfjord, HAFS og Nordfjord. Frå same tidspunkt vart Samarbeidsforum for Sunnfjord lagt ned. Av nye samarbeid har Kinn påteke seg felles innkjøpssamarbeid for alle kommunane i Sogn og Fjordane, som fylkeskommunen hadde før samanslåinga til Vestland. Etter spørsmål frå Bremanger kommune er det no tingingar om legevaktsamarbeid mellom Kinn og Bremanger.

Proessen vidare

Proessen til Kinn skal følgje reglane i inndelingslova (jf. brev frå departementet datert 28.01.2022). Etter vedtaket i sak 003/22 til Kinn kommunestyre, blir den overordna prosessen etter slik vi tolkar inndelingslova:

- Statsforvaltaren, etter oppdrag frå departementet, gjer vurderingar og kjem med tilråding til departementet at det skal setjast i gang utgreiing av initiativet frå Kinn kommunestyre (dette brevet).
- Departementet avgjer om det skal setjast i gang ei utgreiing av initiativet til Kinn kommunestyre, og tek i tilfelle stilling til kva som er nødvendig omfang av utgreiinga (jf. inndelingslova § 9 første ledd). Departementet tek òg stilling til kven som skal gjennomføre utgreiinga.
- Departementet avgjer om utgiftene ved utgreiinga skal berast av kommunen eller heilt eller delvis av staten. Kommunen skal få høve til å uttale seg før departementet tek endeleg avgjerd om utgiftsdeling (inndelingslova § 11).
- Innbyggjarhøyring – etter inndelingslova § 10 bør kommunestyret innhente innbyggjarane sine synspunkt på forslag om grenseendring (deling). Høyringa kan skje ved folkerøysting, opinionsundersøking, spørjeundersøking, møte eller på anna måte.
- Før det blir gjort ev. vedtak om grenseendring (deling), skal dei kommunane eller fylkeskommunane saka gjeld, få uttale seg. I saker om deling må kommunestyret sjølv uttale seg (inndelingslova § 9, fjerde ledd).



- Kongen gjer vedtak om deling av ein kommune når kommunen saka gjeld, har slutta seg til forslaget. Dersom ein kommune har uttalt seg mot deling, skal saka leggjast fram for Stortinget for avgjerd (inndelingslova § 5).
- Ved delinga av kommunar skal det gjennomførast økonomisk oppgjer mellom kommunane, dersom dei ikkje finn det unødvendig (inndelingslova §§ 18 og 20 med tilvising til § 19).
- Etter vedtaket til Kinn kommunestyre legg Statsforvaltaren til grunn at det først er søkt om utgreiing av deling av Kinn kommune etter inndelingslova. Det er òg ønskjeleg for kommunen at folket skal høyrast gjennom folkerøysting. Det blir samtidig understreka at *Kinn kommunestyre ikkje med dette har teke endeleg stilling til at Kinn bør delast opp eller ikkje. Det vil kommunestyret først ta stilling til etter at utgreiing er gjort.* Når det gjeld folkerøystingar er dette regulert etter kommunelova § 12-2, og det er kommunestyret sjølv som avgjer at det skal haldast rådgjevande folkerøystingar. Inndelingslova § 10 omhandlar høyring av innbyggjarane ved forslag til grenseendringar (deling). Vidare er det i førearbeida (Ot. prp. nr 41 2000 – 2001) om høyring av innbyggjarane, omtalt at kommunestyret avgjer sjølv kven som i tilfelle skal omfattast av høyringa og korleis den skal gjennomførast. Vi har forstått kommunen slik at det er lagt til grunn at innbyggjarane bør høyrast *etter at ev. utgreiing ligg føre*, for at innbyggjarane skal ha eit grunnlag til å gjere seg opp ei meining.

Om departementet tek avgjerd at det skal gjennomførast ei utgreiing, og at Statsforvaltaren skal stå for ho, meiner vi det er mest tenleg å engasjere eit eksternt konsultentselskap til å gjennomføre sjølve utgreiinga, som grunnlag for vår vurdering og tilråding. I ein slik prosess må det gjennomførast ein tilbuds konkurranse med konkurransegrunnlag for aktuelle tilbydarar. Etter våre erfaringar med liknande tilbuds konkurransar, vil ein slik prosess kunne gjennomførast innanfor ei tidsramme på om lag 80 dagar. Deretter kjem prosessane som kommunen sjølv skal gjennomføre, før Statsforvaltaren må bruke noko tid på sak om tilråding frå Statsforvaltaren til departementet. Vi reknar med at departementet dekkjer eksterne utgifter med utgreiinga.

Etter dette skisserer Statsforvaltaren følgjande hovudaktivitetar i prosessen:

- Departementet avgjer om det skal setjast i gang ei utgreiing
- Om departementet avgjer at det skal gjennomførast utgreiing:
 - Statsforvaltaren gjennomfører tilbuds konkurranse
 - Ekstern konsulent gjennomfører utgreiing
 - Kinn kommunestyre innhentar innbyggjarane sine synspunkt på deling eller ikkje
 - Statsforvaltaren innhentar fråsegn frå fylkeskommunen og kommunane saka gjeld
 - Sak i Kinn kommunestyre med endeleg syn på deling eller ikkje
 - Sak med tilråding frå Statsforvaltaren til departementet.

Statsforvaltaren si vurdering

To år med ny kommune er ei kort tid til å vurdere og meine om Kinn i eit lengre tidsperspektiv etter samfunnsmessige omsyn, vil oppfylle sine viktige roller som tenesteytar, samfunnsutviklar, myndigheitsutøvar og skape ein god lokaldemokratisk arena til det beste for folk og samfunn. I dette korte tidsrommet må vi òg ta omsyn til at korona-pandemien har sett sine avgrensingar, både for utvikling av kommunesamfunnet som heilheit, og kommunen som organisasjon.



Etter kommunestyret sitt vedtak meiner Statsforvaltaren at det likevel er rett å gjennomføre ei utgreiing, ikkje minst for at innbyggjarane og kommunestyret skal ha eit felles grunnlag for å meine og ta stilling til om Kinn kommune skal halde fram eller om det er mest tenleg å dele kommunen.

Det finst lite av erfaringar med deling av kommunar. Vi må tilbake til slutten av 1970-talet for å finne delingar av noko omfang. Det gjer at innhaldet i mandatet for utgreiinga i liten grad kan byggje på tidlegare erfaringar med kommunedelingar. Vi meiner at mandatet må omfatte ei samanstilling mellom Kinn kommune mot alternativet som er deling til to kommunar. Dette må omfatte både kommunen(ane) som samfunn og organisasjon, og det inneber ei nærmare utgreiing av

- tenester til innbyggjarane
- samfunns- og næringsutvikling
- folketal og demografi
- økonomi
- utøving av avgjerdsrett
- lokaldemokrati
- pendling- og kommunikasjonsmønster
- kommunen som arbeidsgjevar
- kommunen som vertskap for eller deltakar i interkommunale samarbeid

med grunnlag i styrkar og sårbarheit etter status og kjende (fakta) utviklingstrekk, moglegheiter og utfordringar framskrive i eit lengre perspektiv (20 – 30 år).

Ettersom dette er ei stor og viktig sak for Kinn kommune med sine innbyggjarar, regionen og fylket, er det etter Statsforvaltaren si meining viktig å gjennomføre ein god prosess som sikrar eit godt kvalitativt innhald som grunnlag for ei endeleg avgjerd.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
assisterande statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Vedlegg:

Kinn kommunestyre – sak 003/22

Kjelder:

Kommunereforma – tillegg til vurdering og tilråding om kommunestrukturen i Sogn og Fjordane, datert 20.04.2017.

Telemarksforskning – utgreiing av kystkommune i området Flora, Bremanger og Vågsøy (TF-notat 36/2017).

Intensjonsavtale om kommunesamanslåing for Flora og Vågsøy.

Saker til kommunestyra i Flora og Vågsøy i vedtak om samanslåing.

Statistisk sentralbyrå – folketal og kommunal økonomi.

Statsforvaltaren sine budsjettbrev til kommunane for 2019 – 2022, 2020 – 2023 og 2021 – 2024.

Kopi til:

Kinn kommune postboks 294 6701 MÅLØY